



BARNEOMBODET

Helse- og omsorgsdepartementet
postmottak@hod.dep.no

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	12/01964-2	Sara Eline Grønvold	008;O;H	14.1.2013

Høyring: Regulering av epikriseutsending og utlevering av taushetsbelagte opplysningar i lærings- og kvalitetssikringsøyemed

Vi syner til høyringsbrevet datert 14.11.2012 med forslag om endringar i helsepersonelloven.

Barneombodet sitt mandat:

Barneombodet skal i høve lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg følgje med i at lovgjevnaden til vern om barn sine rettar blir følgd, og at norsk rett samsvarar med dei plikter Noreg har etter FNs konvensjon om barn sine rettar (barnekonvensjonen). Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ta vare på barn sine interesser i samband med planlegging og utreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrkje barns rettssikring, med meir. Ombodets mandat er avgrensa til barn under 18 år.

Høyringssvar:

Forslaga inviterer til å minne om kor viktig det er å ta omsyn til barn sin helseerettslege myndesalder. Barn har spesiell rett til vern. Det vil derfor være svært viktig korleis ein lagrar og tar hand om informasjon om barn. Barn har også rett til å bli høyrde. I følgje pasientrettslova § 4-4 skal barn høyrast frå dei er 12 år. Etter barnekonvensjonen skal barn høyrast frå de er gamle nok til å danne seg ei fornuftig meining. Jf artikkel 12 i barnekonvensjonen, har barn rett til å seie meininga si i alt som vedrører dei, og barn sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modenskap.

Når det gjeld retten til sjølvbestemming må ein merke seg at foreldre eller andre med foreldreansvar kan samtykkje til, eller reservere seg mot, lagring av informasjon om barnet. Foreldre kan for eksempel samtykke til å gi informasjon som barnet på eit seinare tidspunkt ønskjer å slette eller endre. Barneombodet meiner at barn mellom 12 og 16 år bør ha høve til å be om dette.

Retten til å bli høyrte krev god informasjon til barnet. For å kunne ha høve til å delta i avgjerda om ein skal reservere seg mot utlevering av informasjon, eller samtykke til dette, må barn ha informasjon om kva dette inneber. Det same gjelder informasjon om dei opplysningane som er registrert. Denne må gjerast tilgjengelig på ein måte som gjer at barn kan ha høve til å forstå innhaldet i opplysningane som er registrert.

Utover dette har ikkje Barneombodet tatt stilling til lovforslaget.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Sara Eline Grønvold
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk, og har derfor inga underskrift.